



## **Vennelaget for Lensmannsgarden**

### **Årsmelding for 2023**

Året 2023 har vore det første heile normalåret etter pandemien for lensmannsløa og aktiviteten der, sjølv om fyrste halvår vart prega av arbeid i sjølve løa.

Det er Hå kommune ved Servicetorget som administrerer aktiviteten i løa. Lag og organisasjonar i kommunen kan låna løa gratis, mens privatpersonar og verksemder betalar leige. Servicetorget har opplyst at det har vore 55 dagar med betalt leige, mens det har vore gratis utlån 275 gonger. Dei som låner løa gratis regelmessig er Lensmannsgarden barnehage, Ungdomsklubben, Språksprell, Varhaug seniordans, Lunsjtreffet, Varhaug fotoklubb, Demenskoret, Hå hagelag og Varhaug Bygdekvinneklag.

Lunsjtreff-komitén i Vennelaget har arrangerer lunsjtreff to onsdagar i månaden, og totalt har det vore lunsjtreff 13 gonger i 2023. I snitt har det vore 35 deltagarar. Det er gledeleg at det har kome nye og yngre krefter med på arbeidet som skal gjerast på kjøkkenet i samband med lunsjtreffa.

Vennelaget har godt samarbeid med Hå kommune og har jamlege møter. I år har møta handla i hovudsak om arbeidet med sprinklaranlegget, utbetring av hevdafjos og reglar for utleige.

Det blei ikkje arrangert 17. mai fest i 2023.

I 2023 blei arbeidet med lyddemping i løestova ferdig. Resultat blei bra, men styret i vennelaget ynskjer ha lyddemping på den siste veggen og, og dette vil kommunen ha på plass innan april 2024.

I siste del av 2022 starta Hå kommune med montering av sprinklaranlegg i både 1. og 2. etasje i løa. Vennelaget hadde ein større dugnad i løa for å få av golvet og deretter på igjen. Dette arbeidet gjekk langt raskare enn forventa. Arbeidet ble ferdig våren 2023. Det har vorte påvist nokre feil med plassering av sprinklar-røyr i løestova, men dette vil verta retta på i løpet av dei fyrste månadane i 2024.

«Kultur i Løå» hadde 3 arrangement i 2023;

- «Kortreist konsert» 29.09.23 med Jarle Obrestad, General Forsamling og Dag og Stasjonsongene var artistane. Arrangementet blei raskt utsett, og det ble ein flott kveld for alle gjester. Baren var open under heile arrangementet og sidan det var pausar mellom kvar artist blei det mykje sal.

- Bobbelunsj blei arrangert 21.10.23 i løestova, og det viste seg å være stor interesse for eit slikt arrangement. Åsbjørn Ueland hadde med seg 3 typar musserande viner som gjestene fekk smake, og han snakket om kva vinane var frå og kva dei smaka. Etterpå blei lunsj servert, og gjestene kunne kjøpe dei tre typane som blei presenterte. Gode folk på kjøkkenet hadde laga store fat med ost, kjeks, spekemat og tilbehør. Under lunsjen hadde Fix it mannekengoppvisning og etterpå var det mogleg å kjøpe kler. Alt i alt var det veldig god stemning og det var fleire oppmodingar til å gjere dette igjen.
- Konserten «Him te jul» med Vidar Johnsen blei arrangert 21.12.23. Vidar Johnsen saman med gitarist og lydmann kom til Lensmannsløa på den kaldaste dagen i heile 2023. Det var storm og det var utfordring med å få god nok varme i løa. Denne konserten var vanskelegare å selje enn dei to føregåande arrangementa, og enda opp med 100 personar. Avtalen om arrangementet gjorde at Vennelaget ikkje hadde noko økonomisk tap. Det blei ein kald affære, men både gjester og artisten sjølv fekk teppe til å holde varmen. Dei som kom var veldig nøgde med ein flott konsert. Neste gong må ein bruke meir tid til oppvarming og evt servere gløgg i døra.

Vennelaget er medeigar i Varhaugbuen, og ein brukar bladet aktivt for å få ut informasjon om Vennelaget sine arrangement, både program, førehandsomtalar og reportasjar i etterkant av arrangementa. Anne Mette Tunheim har vore Vennelaget sin representant i styret for Varhaugbuen.

Styret i Vennelaget har hatt 6 styremøte i 2023. Medlemstalet i Vennelaget er 316, som er ein liten nedgang frå 2022. Styret i Vennelaget har eit mål for 2024 å auke medlemstalet.

For informasjon om Lensmannsgarden og Vennelaget viser me til nettsida vår; [www.lensmannsgarden.net](http://www.lensmannsgarden.net), og for informasjon om Vennelaget sine arrangement viser me også til Facebook-sida «Kultur i Løå». 1000 personar følgjer denne sida.

#### **Styret i Vennelaget har vore:**

Astrid Skretting, leiar  
 Odd Einervoll, kasserer  
 Monica Aase, styremedlem  
 Anne Mette Tunheim, styremedlem  
 Åsbjørn Ueland, sekretær  
 Kjetil Skrettingland, varamedlem

#### **«Kultur i Løå»-komité:**

Cecilie Haukali, leiar  
 Trygve Auestad  
 Kathrine Skrettingland  
 Gunn Dalen Håland  
 Kjetil Skrettingland

**Lunsjtreff-komité:**

Eli Aanestad  
Inger Haugstad  
Irene Bratland  
Kjellaug Ånestad Varhaug  
Myrtle Tjemsland  
Liv Reiestad  
Liv Tone Stueland  
Benny Berge  
Ingunn Reiestad  
Gro Bratland

**Revisor:**

Rune Odland

**Valnemnd:**

Linn Vetrhus Lode  
Trond Gjermund Haugen  
Ruth Irene Kristensen